

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3. Brynet.

Fylke: Nordland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Velfjord.

Emne: Brynet.

Bygdelag:

Oppskr. av: Knut Strømpdal.

Gard:

(adresse): Sterbørja.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Noko av eige røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Fleire heimelsmenn.

SVAR

1. I Velfjord er hein det mestnytta ord for bryne, men bryne er og brukt. Eg hae høyrte gamle folk kalla steinbryne for hein medan dei kalla ei heimelaga bryne for bryne. Sjå elles under punkt 2.

2. Gamalt arbeide dei seg bryner av slipesteingrakse. Dei laga seg då ei innfatning av tre som dei støypte heina eller brynet inn i. Då det vart betre om å få tak i naturstein til bryne vart denne snart einerådande. I den alra siste tida er smergelbryne kome ibruk. Dei bryner då først med smergelbrynet og heiner over med naturbrynet, heina dei kallar. Dei elsste bryner eg har høyrte om kom frå Beiaren fortalde Eliseus Lomsdal. Derfrå kom og knivheiner liksåvel som ljåheiner. Det var enkeltmenn som dreiv handel med dei. Liksom for namnerdet hein og bryne vert og verbet bryne og heine brukt om einannan. Slik at ein segjar heine ein annan bryne medan andre att segjar ~~xxx~~ å bryne når det gjeld kunstbryne, men å heine når det gjeld naturstein.

3. Det vanlege er at reidskapet først vert slipt på ein rund slipestein og etterpå kvasset med hein. Barberkniver vert visst skjeldan slipt, berre kvest med bryne.

2


4. Har av gamle folk høyrte fortalt, at dei gamalt pla tynna ut ljåen, ikkje slipa han. Men eg har ikkje høyrte nærare om korleis det gjekk for seg. Om sigd og skjøre vart handsama likeins har eg ikkje høyrte om , men det er etter alt å døme nokså truleg. Om det er så, så må det vera nokså lenge sidan. Her fins mange små runde slipesteiner som må vera minst eit par hundre år gamle.

5. Det kjennes ikkje til , at det har vore brukt anna enn runde slipesteinar. Har heller ikkje fått spurlag på at det fins neken ^{adlang slip} ~~slik~~ stein i Velfjerd. Var ikkje vegen før lang gjekk dei heim og slipte ljåen i slåtten , men var vegen før lang t.d. ved slått i utmarka, så hadde dei før små runde slipesteiner dei hadde med ute på slåtten . Det vart slutt på det då dei tok til å bruka ljåhelk til å feste ljåen til orvet med. Før røyra dei ljåen fast til orvet med reimer av ler, og dette var så vitt vranget at dei helst slipa ljåen med orvet på. Då det vart før mykje arbeid å bera neke mange orv ~~xxx~~ med på slåtten hadde dei heller slipestein med. Dette er meg fortalt av gamle folk som Eliseus Lomsdal og Olaus Granås , båe frå Velfjerd.

6. Kor lenge ein skal slå før ein sliper ljåen kjem mykje av kva lende ein har å slå i. Der det er mykje stein eller sand på enga vert ljåen snarare ukvass enn på flatt fint lende. Ein kan stutt seg- ja at ein skulde slå så lenge med ljåen som det berre gjekk an.

7. Som før nemnt (sjå avsnitt 2) har det her vore bruka meire enn eit slag bryne. Eit slaks bryne vert kalla knivhein. Med det heiner ein kniv, saks , høvltenger o.l. Det ein kallar ljåhein er meire grov og tek meire på, den vert nytta til å

heine ljåer, økssr o.l. Stein til bryner fins ikkje
 xx i Velfjord og bryner må difor kjøpes. Men gamalt
 arbeide dei bryner på gardane. Tenny Strømpdal før=
 tel : Eg kan minnast at far laga xxx ssg til bryne
 til å bryne ljå med. Han laga til ei rama av tre
 og støypte inni ei blanding av xxxx finkerna sand
 og gørkøve (grankvae som ikkje er nyttande til
 tyggings) // . Hans Strømpdal fertalde at ein skulde
 bruke slipesteingrakse til sand ved støypling av
 bryne. Dei brukte nok og tjære saman med sand til
 støyplinga, eller tjære saman med gørkøve og sand.
 Brynene vart laga heime før dei før ut på slåtten.
 Nedan eit lite riss av rama til bryne. Det vart
 vistnok bruka som ei anna hein.

Ljåheim som for å støyple i.


8. Sjå avsnitt 5 der neke av svaret alt er
 gjeve. No brukar folk alltid helk og festar ljåen
 til orvet med og då tek dei alltid ljåen av orvet
 når han skal slipes . I den tida då dei feste ljåen
 med lerreimar slipte dei ljåen medan han sat fast
 til orvet etter det Olaus Granås og andre har
 fortalt. Når ein sliper ljå held ein han såleis
 at eggen snur imot den som slipar.

9. Dei held ikkje ljåen likeins alle når dei
 heiner. Dei sett alltid orvet i marka og vender
 høyket av ljåen imot brystet . Men nekre held med
 ei hand fast fremst på ljåen medan dei heiner med
 andre handa. Andre held handa dei held ljåen med
 like ved der dei heiner med andre handa og let
 den handa dei held ljåen med gli langs bakken av
 ljåen etter kvart dei heiner. Andre att held handa
 dei held ljåen neke framme på ljåen til å byrja med
 og heiner då som dei fyrstnemnde, men siste styk=

held dei handa og heiner som dei sisstnemnde. Litt skildnad er det om ein brukar stutterv. Ein vendar då og ljåhøyke mot brystet, men held då visst alltid handa ein held ljåen med fremst på ljåen. Her er eg aldeles stutte ljåer som vert brukt på erv som er endå stuttare enn dei vanlege stutterv. Dei heiner ein meire som ein heiner ei skjære.

10. Heina vert bære i ein heinslire av ler. Mange stikk elles berre heina ned i ein bukselomme og ber heina der. Andre stikk heina inn under beltet og ber heina attpå baken. Det hender eg at ein ber heina i ein lauslomme av ty, denne vert då kalla heinlommen.

11. Har ikkje høyrte om annan heinslire enn den som alt er nemnt i avsnitt 10.

12. Heinsliren eller heinlommen vart anten fest til ein knapp på ~~xxxx~~ siden eller smetta inn på beltet etter ei stropp.

13. Dei gamle fortalde at heina tek så mykje betre på når ho var fukta enn når ho var tørr. Var det turrver og dei slo attmed vatn kunde dei anten stikka heina med i vatne eller dei stakk ljåen nedi og fekk heina fukta på det viset. Men ljåen måtte ikkje stikkast ned i vatn så slipsteinsanden vart avvaska med same dei hadde slipt. Var dei ikkje ner vatn og dei skulde heina, så brukte dei nok før berre å sputte på heina før å få henne fukti. At dei har brukt anna enn det eg her har nemnt har eg ikkje høyrte om. Dei heimelaga brynene pla dei visst eg å fukte som ~~xxxx~~ andre ljåheiner.

14. Det mjølet som vert på heine etter heining kallar folk her heinsvorta. Eller kansje rettare det er dette mjølet saman med vatne ein har fukta heine med som kallest heinsvorta.

15. Nei så vitt eg veit har ikkje heinsverta
være nytta til medisin før ringorm.

16. Har heller ikkje høyrte at heinsverta
vart nytta som råd mot andre sjukdomar heller.

17. Har høyrte at hein, allvisst om ho var før
hard skulde verta betre om ho låg i jorda ei tid.

18. Etter det Eliseus Lomsdal, Dine Bjørgan
og fleire har fortalt, så skulde det etter det dei
gamle fortalde ha vere ei tid då allting kunde
tal. Men kva bryne hadde å segja har eg ikkje
høyrte oppgjeve.

19. Eg har ikkje høyrte sagt om noko serleg
dei pla segja når dei sputta på heine. Men eg har
sjølv høyrte gamle folk segja tvi med same dei
sputta på heine. Den same sermenien gjekk elles
før seg ved andre høve og, så det hadde sikkert
si magiske verknad og etter det folk trudde. Når
dei fiska t.d. så spyttade dei på agnet med same
dei kasta engulen ut og sa tvi. Det var før å få
betre fiskelukka. Når dei sputta på heine og sa
tvi, så var det nok før mange berre ein gamal
skikk dei hadde høyrte andre gjera før dei. Men
hos sume lå sikkert den gamle trua under, at ein
med det skulde verta meire heppen med arbeidet.

20. Frå Velfjerd er ikkje kjent noko viser
eller rim dei pla segja fram medan dei heina
ljå eller anna reidskap.

849

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING